



Til den det måtte angå

Dato: 12.01.2018

Vår ref.: 2014/559-30

Saksbehandlar: ingtakl

Dykkar ref.:

Attest for Agnes Hoshovde Bernes

Agnes Hoshovde Bernes, fødd 19.01.1995, har vore ein del av Ungdommens fylkesting frå 2013 til dags dato. Ho har hatt fleire verv for organet:

- Fast medlem i Ungdommens fylkesutval, 2013-2014
- Leiar for Ungdommens fylkesutval, 26. februar 2014-14. februar 2016
- Medlem i kontrollkomitéen til Ungdommens fylkesting, 14. februar 2016-dags dato

Ungdommens fylkesting er sett saman av to representantar frå kommunale ungdomsråd, samt to representantar frå kommunar utan ungdomsråd. Dei har møte ein gong i året der dei viktigaste oppgåva er å velje nytt Ungdommens fylkesutval, vedta budsjett og vedta Ungdommens planprogram, som er det dokumentet Ungdommens fylkesutval skal jobbe etter i året som kjem. Ungdommens fylkesutval er dermed Ungdommens fylkesting arbeidande organ og dei har møte minst ein gong i månaden. Dei skriv uttalar, svarar på førespurnader og deltek i ulike utval, komitear og grupper, der dei representerer Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval er og ansvarleg for å arrangere Ungdommens fylkesting og ei nettverkssamling for dei kommunale ungdomsråda. Som leiar har ein og ansvar for å leie ein gruppe ungdom som har ulik bakgrunn og varierande erfaring med politisk arbeid.

Kontrollkomitéen til Hordaland fylkesting har ansvar for at Ungdommens fylkesutval arbeidar innanfor rameverket til utvalet, samt at Hordaland fylkesting vert gjennomført med bakgrunn i regelverket.

Agnes har vore ei ressurs inn i Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting i den perioden ho har vore med. Ho har imponert med stor arbeidskapasitet og høg kompetanse. Agnes er ansvarsfull, proaktiv og flink til å planlegge. Ho har vore med på å gjøre Ungdommens fylkesting meir synleg overfor både fylkespolitikarar og fylkesadministrasjon. Som leiar er Agnes pliktoppfyllande og flink til å deleger. Ho er inkluderande og la til rette for at alle skulle trivast. Det betyr mykje for eit utval med ungdommar som har ny samansetnad kvart år.

Når Agnes no vel å forlate Ungdommens fylkesutval ønskjer vi ho alt det beste vidare.

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.